



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

### TILBAKEMELDING ETTER KOMMUNESESØK I GJESDAL KOMMUNE 5. NOVEMBER 2002

**Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga (dengongen Statens utdanningskontor i Rogaland) var på kontakt- og tilsynsbesøk i Gjesdal kommune tysdag 5. november 2002. På programmet stod møte/samtalar med politisk og administrativ leiing i kommunen om skolen i Gjesdal og om skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling. Første del av besøket var lagt til Bærland skole, og det var lagt til rette for samtalar/intervju med leiar for PPT i Gjesdal, rektorane på Gjesdal ungdomsskole og Bærland skole samt med lærarrepresentantar og elevrepresentantar frå dei same skolane og foreldrerepresentantar frå Solås skole.**

#### FRÅ SAMTALANE MED KOMMUNELEIINGA

Deltakarar frå kommunen: Ordførar Karl Edvard Aksnes, rådmann Bodil Sivertsen, leiar av utval for kultur og oppvekst Henry Tendenes, varaleiar Liv Todnem, leiar av utval for helse- og sosial Eirin K. Sund, leiar for tenesteområde opplæring Per A. Erga, konsulent for tenesteområdet opplæring Margot Bergersen. Frå Statens utdanningskontor deltok: assisterande direktør Sølv Ona Gjul og rådgivarane Audun Gjerde og Else Merethe Strand.

#### Tema 1: Gjesdal kommune som vekstcommune

Skoleadministrasjonen orienterte generelt om kommunen og grunnskolane, om kvar i kommunen ein ventar utbygging framover og konsekvensar for skolemønsteret. Gjennom informasjon og dialog med dei føresette har kommunen til no løyst utfordringar knytt til retten til å gå på nærskolen. Det kostar ein del for kommunen å stette retten til eigne sidemålsklassar og syte for at alle sysken skal få gå på same skole. Kommunen vurderer difor å söke om forsøk med nynorsk- og bokmålsopplæring i same klasse.

Kommunen set eleven i fokus. Kommunen vil ha sjølvstendige skolar både økonomisk og kvalitetsmessig, også med omsyn til strategi for skolebasert vurdering. Ein ønskjer 6 gode skolar, der kvar skole bygger sine eigne vegar, innanfor gitte rammer, i framveksten av gode læringsmiljø. Det er ei utfordring at det er liten sökning til leiarstillingar i skolen, mens det er god tilgang på sökjarar til lærarstillingane. Likevel er det ei utfordring å få sökjarar med den vidareutdanninga som kommunen har bruk for, til dømes i estetiske fag.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtvn. 29	51568700
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	Telefaks: 51568811	Heimeside: <a href="http://www.fylkesmannen.no/rogaland">www.fylkesmannen.no/rogaland</a>	Postboks 210 Sentrum 4001 Stavanger	Telefaks: 51568941

Skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling er sett på dagsorden, mellom anna gjennom deltaking i prosjektet Samtak og kurs innan leiarutvikling på alle dei sju tenesteområda i kommunen.

Når det gjeld elev- og foreldremedverknad, kom det fram at det er variasjonar mellom skolane og at skolekontoret som eit ledd i arbeidet med å involvere føresette i større grad, har sett i gong tiltak kalla ”Hva er den gode skolen”. Alle skolane har gjennomført brukarundersøkingar blant elevane og foreldra, men oppvekstleiarene meiner at korkje skolenivået eller kommunenivået har klart å følgje godt nok opp med refleksjon og tiltak i etterhand.

Rådmannen var opptatt av den økonomiske situasjonen i Gjesdal med ein ung folkesetnad og hurtig aukande folketal. Ho meinte at kriteria for rammetilskot fell uheldig ut for Gjesdal.

Etter utdanningsdirektøren si vurdering har det utviklingsarbeidet som er gjort i Gjesdal kommune, vore viktig. Erfaringane kan spreiaast betre, det er ingen grunn til ”å sette sitt lys under ei skjeppe”. Den innsende dokumentasjonen syner at fleire av skolane har på plass mange av dei elementa som kan inngå i eit system for skolebasert vurdering. Men kommunen manglar skriftleggjorte rutinar på overordna nivå for skolebasert vurdering. Det er utdanningsdirektøren sitt syn at ein må ha eit aktivt kommunalt nivå som kan setje krav, skape motivasjon, stimulere ekstra der det er nødvendig, samordne og leggje til rette for kvalitetsutvikling i opplæringa. Det er utdanningsdirektøren sitt råd at kommunen tar vare på den utviklingskompetansen som er opparbeidd gjennom deltaking i PILOT og Samtak, og er aktiv i utviklingsarbeidet framover.

Utdanningsdirektøren vil i samråd med kommunen ta initiativ overfor Fylkesmannen om brev til KRD og UFD vdr. dei særlege utfordringane i Gjesdal kommune, knytt til vekst i folketal og alderssamansetning.

#### Tema 2 – Ressurssituasjonen for skolane i Gjesdal:

Utdanningsdirektøren trekte fram at GSI-statistikken viser at timeressursane både til spesialundervisning og delingstimar utanom valfag går ned i Gjesdal, og at det har vore ei gradvis utvikling i denne leia dei to siste åra, samtidig som talet på elevar pr. klasse er auka.

Når det gjeld spesialundervisning, får elevane tildelt om lag 75% av det PP-tenesta tilrår. Det har vore ein god dialog mellom skolen og dei føresette og det kjem difor få klager på dette feltet frå Gjesdal kommune. Utdanningsdirektøren oppmoda kommunen til å arbeide meir med grunngjeving når vedtak om tildeling avvik frå tilrådinga, jf. Opplæringslova § 5-3, særleg siste ledd, rettleiingsheftet ”Spesialundervisning i grunnskole og videregående opplæring” kap. 2.3.4 side 26 og rundskriv SU-01-02 side 2.

## **SKOLEBASERT VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING:**

**For å få eit breiast mogleg inntrykk av arbeidet med skolebasert vurdering, samtala vi ved besøket med representantar frå fire ulike grupper: rektorar, lærarar, elevar og føresette. Siktemålet var å finne ut om desse gruppene har den same oppfatninga av korleis arbeidet med skolebasert vurdering blir ivareteke i kommunen. Vi har difor utforma rimelig like spørsmål til kvar gruppe. Hovudfokus i samtalane var kommunen og skolen sine rutinar for skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling i opplæringa.**

### Deltakrar var:

Leiarar: rektorane Arne Aanestad, Gjesdal ungdomsskole og Willy Mangersnes, Bærland skole, PPT-leiar Ragna Kristiansen.

Lærarar: Greta Skjæveland, Bærland skole og Hilde Sira, Gjesdal ungdomsskole

Føresette: Arild Murvold, kommunalt FAU og Bjarte Madland, begge frå Solås skole

Elevar: Annette Egeland, elevrådsleiar Bærland skole og Sverre Skjerpe, elevrådsleiar Gjesdal ungdomsskole

### **Rutinar for skolebasert vurdering**

Rektorane meiner at det ikkje ligg føre skriftleggjorde rutinar for skolebasert vurdering på kommunenivået. Nokre av skolane er komne langt i å etablere verkty som kan vere del av eit system for skolebasert vurdering. Stor lokal fridom gjer at det er variasjonar mellom skolane. PP-tenesta si rolle i den skolebaserte vurderinga synest å vere uklår. PPT meiner at dei har liten kapasitet til å arbeide systemretta. Med fleire tilsette den siste tida, kan dette endre seg til det betre i tida som kjem.

Lærarane er usikre på om rutinar er skriftleggjorde. Ein lærar meiner at tradisjon for refleksjon rundt praksis likevel ”sit i veggane”, den andre læraren meiner at det er mange permår om temaet ”ein eller annan stad”. Ho meiner at dei arbeider mest på trinna og utan felles strategi for skolen. Det er til dømes ikkje skriftleggjorde rutinar for å sikre elevdeltaking i planlegging og vurdering av opplæringa på klassenivået, og heller ikkje for samarbeid med føresette på klassenivået. Ressursen til elevsamtalalar er borte på den eine skolen slik at elevsamtalalar berre skjer sporadisk. Samarbeidsutvala ved dei to skolane er lite aktive. Personalseminar er ikkje planlagt som noko fast tiltak. Fokus i personalseminar er ikkje planmessig knytt til skolebasert vurdering ved den skolen som nyleg har hatt personalseminar. Karakterstatistikkar for skolen blir lagde fram for personalet, men utan at det blir reflektert særleg over eller nyitta som ledd i arbeidet med skolebasert vurdering.

Foreldra opplever at dei ikkje er tilstrekkeleg informerte om mål og rutinar for skolebasert vurdering, korkje frå kommunenivået eller frå skolen dei har born ved. Både elevane, føresette og lærarane har ei klar oppfatning av at rektor er ansvarleg for arbeidet med skolebasert vurdering på skolenivået, men er usikre på kvar ansvaret ligg når det gjeld kommunenivået. Elevdeltakinga er etter deira meining for tilfeldig og mykje opp til kvar einskild lærar.

Også når det gjeld aktivitet i elevråd og kven som set dagsorden for elevråd er det store variasjonar frå skole til skole.

Det er utdanningskontoret sitt inntrykk etter samtalane at det ikkje finst skriftleggjorde rutinar som er heilskaplege i den grad at dei fyller intensjonane i Forskrift til opplæringslova § 2-1. Kommunen har heller ikkje sett opp klare mål eller rutinar for arbeidet med skolebasert

vurdering, noko som gjer at skolane i ulik grad har fått eit system på plass med rutinar og framdriftsplan for arbeidet. Nokre av skolane har gjort mykje godt arbeid med element som kan gå inn i eit planmessig system for skolebasert vurdering, men som ein rektor sa: "Her må det ryddast og lukast".

### **Reiskap for skolebasert vurdering**

Skolane i Gjesdal nyttar mellom anna årsplanar, brukarundersøkingar, diagnostiske prøver i lesing, medarbeidarsamtalar og elevsamtalar.

Rektoraner meiner at desse reiskapane er tekne aktivt i bruk, men i eit noko usystematisk vurderingsarbeid. Årsplanar blir nyitta, men årsmeldingar med refleksjon over kva mål som er oppnådde som grunnlag for tiltak for forbetring, er ikkje i bruk. Rektoraner seier at dei ikkje kjenner til om det er sett opp overordna rutinar frå kommunalt nivå.

Lærarane er mindre sikre på at reiskapane er tekne aktivt og systematisk i bruk. Dei peikar på at brukarundersøkingar som er gjennomførte dei siste åra, berre delvis blir sette inn i ein vurderingssamanhang. Diagnostiske prøver i lesing blir tilfeldig brukte. Dei kan ikkje sjå at medarbeidarsamtalane er planmessig brukte som ledd i skolevurderingsarbeid. Ved ein skole har ein ikkje hatt medarbeidarsamtaler i det heile tatt før nå siste året, mens ein annan skole har hatt faste medarbeidarsamtalar i mange år. Lærarane meiner at kommunenivået er lite synleg for dei, samstundes som dei meiner at ansvaret for å få på plass faste rutinar for skolebasert vurdering ligg hos skolesjef og rektor.

Foreldra reknar med at skolane har reiskapar for skolebasert vurdering. Dei meiner at desse finst kanskje berre på kvar skole og ikkje på kommunenivå. Elevsamtalar er tekne systematisk i bruk, men i noko varierande grad, trur dei. Dei legg vekt på at dei kjenner lite til korleis det er på andre skolar enn der dei har borna sine som elevar. Ved ein skole har dei elevsamtalar i tida før samtalar med føresette. Elevane meiner at det er vanleg å vere med føresette til samtalar med lærar. Føresette meiner og at det er vanleg med klasseforeldremøte kvart semester, men at desse møta ikkje blir nyitta planmessig i skolevurderingsarbeid.

Utdanningskontoret registerer at skolane i Gjesdal har teke i bruk fleire reiskapar i arbeidet med skolebasert vurdering, men at alt ikkje blir brukt like systematisk. Reiskapane er ikkje sette inn i ein overordna samanheng på ein slik måte at alle dei som deltek i arbeidet, har ei felles forståing av kva skolebasert vurdering inneber og kva tiltak dei sjølv er involverte i og kan ta delansvar for. Vi merka oss at føresette ønskjer ei meir aktiv rolle, men at dei er usikre på kva for mandat dei kan eller bør ha.

### **Skolebasert vurdering og kvalitetsutviklingsarbeid**

Rektoraner meiner at skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling er på dagsorden i relevante fora som rektormøte, personalmøte og i medarbeidarsamtalar. Dei meiner også at det er lagt godt til rette for erfaringsutveksling mellom skolane. Dei seier at kanskje for mykje er lagt til skolenivå, og at det trengst å ryddast og forenklast i dokumentasjonen. Dei undrar på om skolane kanskje har for stor fridom slik at det blir uklart kva skolane i Gjesdal faktisk gjer på området. Dei peikar på at ei årsak til dette kan vere at kommuneleddet er bygd ned til eit minimum, og at dette går ut over samordningstiltak når mange område skal dekkjast.

Lærarane er samde i at ansvarsforholda er tydelege, men dei har ikkje noko klart inntrykk av samanhengen mellom skolebasert vurdering og kvalitetsutviklingsarbeid, og dei meiner at desse emna ikkje systematisk er på dagsorden i dei relevante fora.

Det går fram av samtalane at det er vanskeleg for foreldre og elevar å ha tilstrekkeleg innsyn på dette området. Dei er også usikre på kor mykje innsyn dei treng å ha for å bidra.

Det er utdanningskontoret sitt inntrykk at ansvarsforholda når det gjeld skolebasert vurdering og kvalitetsutviklingsarbeidet i Gjesdal-skolen er for uklare, og at ansvaret såleis ikkje er synleggjort for dei ulike samarbeidspartane.

## KONKLUSJONAR OG AVSLUTTANDE MERKNADER

Det er inntrykket vårt frå samtalane og frå kontakt med kommunen elles at dei som er ansvarlege for kvalitetsutvikling i Gjesdal-skolen, har eit sterkt og klart medvit om behovet for å satse på dette området og for at utviklingstiltak må forankrast i eit godt og grundig arbeid med skolebasert vurdering. Det er samstundes klart etter samtalane med representantar for elevar og lærarar ved Gjesdal ungdomsskole og Bærland skole og foreldrerepresentantar ved Solås skole, at skolane og kommunen berre er komne eit stykke på veg i arbeidet med skolebasert vurdering – det står enno att å få på plass skriftleggjorde rutinar som sikrar god og heilskapleg samanheng i arbeidet.

Det ligg ei stor utfordring for kommunen i å få til eit system for skolebasert vurdering som er utforma slik at det utgjer hovudgrunnlaget for arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen, og samstundes både sikrar god samanheng i arbeidet og gjev rom for lokal fridom for skolane i nært samarbeid med elevar og føresette.

Vi må sjølvsgått her ta atterhald om at inntrykka våre er baserte på samtalar med representantar for to av skolane i kommunen (lærarar og elevar) og føresette med elevar ved ein av skolane og at desse ikkje treng vere representative for alle skolane i Gjesdal. Utduanningsdirektøren vil gje honnør til kommunen for å ha tatt initiativ til tiltak under tittelen ”Hva er den gode skole”, og ser fram til å følgje utviklinga framover i desse tiltaka. Vi tør vise til idéar frå det danske nettstedet <http://www.kig.uvm.dk/kvalitet/> og frå [www.ls.no](http://www.ls.no).

Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon om utviklinga i skolesektoren. Statens utdanningskontor takkar Gjesdal kommune og Bærland skole for eit godt tilrettelagt kontaktmøte.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Stavanger, 23.01.2003

Svein Helgesen  
utdanningsdirektør

Else Merethe Strand